

Ifølgje adresseliste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/3440-1

28. juni 2023

## Ny rettleiar om konstituerande møte i kommunar og fylkeskommunar

Til hausten er det val til kommunestyre og fylkesting. Etter valet skal nye kommunestyre og fylkesting konstituera seg. Dei skal òg velje ei rekkje medlemmer til ulike organ i kommunane og fylkeskommunane.

### *Rettleiar om dei konstituerande møta og val til folkevalde organ*

Kommunal- og distriktsdepartementet har laga ei ny rettleiar reglane i kommunelova om konstituerande møte og om val til folkevalde organ. Rettleiaren gir informasjon om kva som skal skje i det konstituerande møte, korleis val til folkevalde organ skal gjerast, kven som kan veljast, reglar om fritak, med vidare. Rettleiaren er skriven med utgangspunkt i rundskrivet frå 2019 om same tema, men utfyllt på bakgrunn av spørsmål, nyare fråsegn frå departementet og lovendingar.

Rettleiaren følgjer som vedlegg til dette brevet, og ligg også på [regjeringen.no/konstituering](http://regjeringen.no/konstituering). På denne nettsida vil departementet leggje ut spørsmål og svar som gjeld dei konstituerande møta og vala som skal gjerast.

### *Webinar*

Departementet inviterer òg til eit webinar [tysdag 29. august klokken 10.00 til 12.00](#).

Hovudtema på webinarret blir reglane i kommunelova om konstituerande møte og val til folkevalde organ. Målgruppene for webinarret er tilsette hos statsforvaltarane og politikarar og administrasjonen i kommunar og fylkeskommunar.

Fristen for å melde seg på er torsdag 24. august 2023, og du kan melde deg på her: [Webinar om konstituering og val til folkevalde organ - regjeringen.no](#). Dei som er påmelde vil få ei lenke til webinarret når det nærmar seg.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
[postmottak@kdd.dep.no](mailto:postmottak@kdd.dep.no)

Kontoradresse  
Akersg. 59  
[www.kdd.dep.no](http://www.kdd.dep.no)

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Edvard Thorolf  
Aspelund  
22 24 72 20

Det er mogleg å sende inn spørsmål til departementet i forkant av webinaret. Spørsmål skal sendast til [postmottak@kdd.dep.no](mailto:postmottak@kdd.dep.no) Det vil òg være mogleg å stille spørsmål undervegs.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Edvard Thorolf Aspelund  
utgreiingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Vedlegg

Rettleiar om konstituerande møte i kommunestyre og fylkesting og val til folkevalde organ

Adresseliste

Kommunar  
Fylkeskommunar  
Statsforvaltarane

Kopi

KS